

Kjell Kålås
Hjelmåsen 1
5915 Hjelmås

13.09.2016

Statens vegvesen
Nygårdsgaten 112
5008 Bergen

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ 50 METERS GRENSA

Søkjer med dette om dispensasjon frå avstand ved E39 for bygging av reiskapshus/garasje.

Då E39 kom vart tilkomstvegen til tomten flytta til over innslaget til Hjelmås tunnelen. For å setje opp dette bygget har eg berre eit reelt alternativ for å få bygget i nærleiken av bustadhuset mitt, og på ein lagleg tomt. Slik eg har tenkt å plassere bygget ligg næraste punkt ca. 20 meter frå gjerde som går rundt den store forskjæringa til tunnelen. Avstanden frå gjerdet til midt i vegen har eg ikkje målt, men reknar med kring 10 meter.

Dette kan etter mitt syn ikkje vera til noko ulempe korkje for vegstellet ved ei evt utviding, eller for dei som ferdast på vegen.

Legg ved skisse av bygget, og eit kart som viser plasseringa.

Håpar på eit positivt svar.

Med helsing



Kjell Kålås

Vedlegg



Statens vegvesen

Kjell Kålås
Hjelmåsen 1
5915 HJELMÅS

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
16/146744-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
31.10.2016

Uttale – Dispensasjon fra byggegrense – Bygging av redskapshus/garasje – gnr. 202 bnr. 37 – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til søknad mottatt 13. september 2016.

Kva saka gjeld:

Det er søkt om å oppføre nytt bygg på gnr. 202 bnr. 1 i Lindås kommune. Tiltaket skal vere garasje for bustadeigedom gnr. 202 bnr. 37.

Tiltaket ligg i eit område som er avsett til landbruk-, natur- og friluftsføremål (LNF) jamfør arealdelen av kommuneplan for Lindås. Tiltaket er plassert 34 meter frå vegmidte til E39 og 31 meter frå vegmidte til fv. 391. Lindås kommune har eigne føresegner om byggjegrænse langs veg, jf. 1. *Generelle føresegner og retningslinjer. Pkt. 1.6.* Tiltaket treng difor dispensasjon frå arealføremålet etter plan- og bygningslova (pbl.) og dispensasjon frå byggjegrænse langs E39 og fv. 391.

Vidare saksgang

Det er Lindås kommune som i dette tilfellet er rett planmynde og avgjer dispensasjon frå godkjent plan. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i dispensasjonssaker som vedkjem vårt saksområde. Vi har og klagerett i slike saker. Nedanfor følgjer ei uttale som skal leggst ved til søknad som sendast Lindås kommune.

Uttale:

Byggjegrænse skal ivareta omsynet til trafikktrygging, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved utviding av vegen og miljøet langs vegen. Gjennom «*Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013 – 2016)*» er vegnettet i regionen differensiert.

Tiltaket ligg aust for E39 og nord for Fv. 391. E39 er klassifisert til Haldningsklasse 1 jf. rammeplanen. Dette vil mellom anna seie at vegen er ein svært viktig hovudveg med

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

nasjonal eller regional funksjon og at byggjegrensa er 50 meter. Fv. 391 er klassifisert til Haldningsklasse 4. Her kan det akseptast ei byggjegrense på 15 meter.

Tilkomstvegen til bustadeigedomen vart flytta då E39 vart bygd ut, og går no over tunnelmunninga til Hjelmåstunnelen. Tiltaket er plassert rundt 20 meter frå tryggingsgjerdet til tunnelmunninga. Eigedomen har i dag gangbar tilkomst frå Fv. 391. Tiltaket er plassert på bnr.1 men det kjem fram at garasjen skal høyre til bnr. 37. Begge bnr. har i dag same eigar.

Det er eit pågåande planarbeid for ny E39, og området og eigedomen ligg innanfor plangrensa til denne planen. Det kan difor på sikt kome endringar av veganlegget i dette området. Med bakgrunn i at tiltaket er ein mindre garasje, og at bygget ikkje skal nyttast til varig opphald, har vi ikkje vesentlege merknader til tiltaket.

Dette brevet skal sendast som vedlegg til søknad om tiltak etter plan- og bygningslova. Søknaden sendast til Lindås kommune. Vi ber Lindås kommune om å få sendt over vedtaket til klagevurdering.

Plan og forvaltningsseksjon, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ